

**Husbanken**Retur: Husbanken
Postboks 1404, 8002 BODØ**Deres dato****Deres referanse****Vår dato**

08.02.2019

Vår referanse2019/4343- 2
610/13584084MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Tildeling av startlån for 2019

Vi viser til søknad om vidaretildelingsmidlar for 2019.

For 2019 delar vi opp tildelinga av startlån og tilskot i løyvingar. Kommunar som har søkt om både startlån og tilskot vil få søknaden om tilskot behandla innan midten av mars.

Husbanken sitt vedtak

Husbanken har løyvd kommunen:

- **8 000 000,- kr** i startlånsmidlar

Husbanken tildelar heile søknadsbeløpet med ein gong. Dersom behovet for midlar endrar seg i løpet av året kan de søkje om ytterlegare midlar. De finn det elektroniske søknadsskjemaet på Husbanken.no (<https://husbanken.no/startlaan/kommune>). Søknadsfristen er **1.september**.

Kva må de gjera for å få midlane utbetalt?

Startlån vil bli utbetalt innan kort tid, så framt Husbanken har motteke:

- underskriven låneavtale
- stadfesting av kommunestyret sitt lånevedtak

Dersom kommunen er oppført i registeret for godkjenning og kontroll, må også Fylkesmannen si godkjenning leggjast ved som dokumentasjon. Dokumenta skal sendast til:

Husbanken, Postboks 1404, 8002 BODØ

De har frist på tre månader fra løyvinga er gitt. Etter dette fell løyvinga bort.

Kva skal startlånet brukast til?

Eit av Husbanken sine mål er å bidra til at fleire langvarig vanskelegstilte på bustadmarknaden skal kunne eige sin eigen bustad. Eit nasjonalt mål er å hjelpe fleire vanskelegstilte barnefamiliar til å kjøpe eigen bustad. Dette gjeld særleg familiar som leiger kommunal bustad, men også familiar som har ein ustabil busituasjon i ein ueigna privat utleigebustad. Startlån og tilskot brukt til refinansiering er gode verkemiddel for å unngå at barnefamiliar mistar bustaden på grunn av høge buutgifter.

Målet for 2019 er at talet på barnefamiliar som motteke startlån skal auke samanlikna med 2018.

Rente- og avdragsvilkår

Startlån er gitt med flytande rente som annuitetslån med ei løpetid på totalt 40 år, jamfør vedlagte betalingsplan. Dersom kommunen ønskjer fastrente, ta kontakt med Husbanken etter utbetaling.

Rapportering og kontroll

Vår kontaktperson
Anne Karin Dorsey
Tlf. 55 30 66 21
anne.dorsey@husbanken.noBesøksadresse
Statens Hus, Kaigaten 9, Bergen
post@husbanken.noSentralbord
22 96 16 00
www.husbanken.noKontonr.
6345.05.03594
Org.nr.
942 114 184

Kommunen skal rapportere om bruken av startlån.

Kommunar som brukar StartSak

Alle søknadar som vert behandla i StartSak og som får status utbetalt eller avslag, vert automatisk rapportert til Husbanken.

Kommunar som brukar Startskudd

Alle søknadar som vert behandla i Startskudd og får status utbetalt eller avslag blir automatisk rapportert til Husbanken.

Kommunar som ikkje brukar StartSak eller Startskudd

Alle søknader som blir utbetalt eller avslått, skal rapporterast fortløpande som enkeltsaker i rapporteringsmodulen StartRap.

Alle kommunar må sende inn årsrapportering for 2019 i StartRap i januar 2020.

Er de usikre på korleis de rapporterar i StartRap, les meir i rettleiaren [«Veileder for rapportering på startlån og tilskudd til tilpasning og etablering»](#) (HB 7.C.19).

Husbanken og Kommunal- og moderniseringsdepartementet kan kontrollere at kommunane tildelar og forvaltar midlane i samsvar med forskrift om startlån.

Klagerett

Husbanken si avgjersle er ikkje eit enkeltvedtak, og de kan difor ikkje klage på dette vedtaket.

Informasjon

Ta gjerne kontakt med dykkar regionkontoret dersom de ønskjer meir informasjon. De kan også lese meir om ordningane på www.husbanken.no.

Aktuelt regelverk

- Startlån skal videretildelast i samsvar med [forskrift om startlån](#).
- Rente- og avdragsvilkåra er regulert i [forskrift om rente- og avdragsvilkår for lån i Husbanken](#) og utfyllande føresegner i [retningslinjer om rente- og avdragsvilkår](#) (HB 4.B.5).
- Reglar for tapsdeling og tapsfond finn de i [Retningslinjer om tapsdeling, tapsfond og administrering av startlån](#) (HB 7 B.15)

Helsing
HUSBANKEN

Britt-Nina Borge
Seniorrådgiver

Anne Karin Dorsey
Rådgiver